

SAK 50/23 FINANSIERING AV BEREKRAFTIG REISEMÅL - REMERKING

Saksopplysing:

Alle dei seks destinasjonsselskapa i Hallingdal er merka som «Berekraftig reisemål.» Geilo er allereie remerka ei gong og er i gong med remerking nr. 2. Nesbyen, Gol, Hemsedal og Ål, vart merka i 2022, og skal i gong med oppfølging og etter kvart remerkingsprosess no. Flå er merka saman med Norefjell og kører sin remerkingsprosess der.

Ein av indikatorane som må vera på plass for å bli remerka er at det skal vera ei destinasjonsleiing som er ansvarleg for destinasjonsutviklinga. Dette ansvaret ligg til destinasjonsselskapet med sine medlemmer, og til kommunen med sine innbyggjarar. Korleis ansvaret skal fordelast må ein koma fram til gjennom eigne avtale.

Oppfølging av merkeordninga og sjølve remerkingsprosessen krev at det vert sett av tid og pengar til å gjera jobben. Innovasjon Norge har stipulert tidsbruken til mellom 30 og 50 % stilling pr. destinasjon. Me trur at dette kan effektiviserast noko ved å få på plass ein regional ressurs som tek seg av dei indikatorane som er like for alle destinasjonane.

Denne saka handlar om korleis ein skal finansiere ein regional stilling som skal ta seg av alt som er felles, samt finansiering av ein lokal ressurs som følgjer opp merkeordninga på kvar destinasjon.

Vurdering:

Alle kommunar og destinasjonar er glade for, og stolte av at ein har vorte merka som berekraftig reisemål. Det er lagt ned eit stort arbeid for å bli merka, og det er stor interesse for å samarbeide vidare om dette i Hallingdal. Nokre tek til orde for at merkeordninga er dyr og ressurskrevjande å følgje opp, men i møte med både kommunar og destinasjonsselskap har dagleg leiar registrert stor interesse for å arbeide vidare mot remerking.

Ein regional ressurs - finansiering

Prosjektet har foreslått å opprette ei 100% stilling som skal ha hovudoppfølginga av merkeordninga saman med destinasjonane. Tanken er at ei slik stilling kan jobbe med dei oppgåvane som er felles for alle destinasjonane i ein merkeprosess. Døme på oppgåver kan vera:

- Organisering av ulike undersøingar: Gjesteundersøking, innbyggarundersøking, medlemsundersøking
- Følge opp hanandlingsplanar med felles tiltak for Hallingdal - forankra i strategisk plan for Hallingdal
- Koordinere den kommunale innsatsen, samt gjera individuelle tilpasningar per kommune
- Jobbe med miljøfyrtårnertifisering, ringvirkningsanalyser, vertskapskurs og andre konkrete tiltak
- Skaffe felles dokumentasjon på t.d. returpunkt, tømmestasjonar OSB
- Leie prosessen og koordinere innsatsen mellom destinasjonane

Sparebankstiftelsen Hallingdal har stadfesta at dei er med på å finansiere inntil 50% av kostnadane knytt til ei slik regional stilling i 2 år. Føresetnaden er at det kjem tilsvarande beløp frå destinasjonane, kommunen eller næringa, og at stillinga blir en del av Hallingdal Berekraftsenter.

Økonomien i destinasjonsselskapa varierer mykje og eit forslag er at alle kommunane, unntatt Flå, finansierer 10% stilling kvar. Dagleg leiar meiner at ei slik stilling kan spara ein prosessveileder og redusere totalinnsatsen frå Hallingdal.

Lokal ressurs - finansiering

Kor mykje lokal ressurs som krevs varierer mellom destinasjonane. Det vil også vera litt forskjellig behov for finansiering. Nokre kommunar/destinasjonar har allereie sett av pengar til dette, mens andre ikkje har kome så langt. Innovasjon Norge gir inntil 200 000 kr. for å få til remerkings, men også dette beløpet kan variere mellom destinasjonane. Ei løysing er at kommune og destinasjonsselskap gjennom dialog, kjem fra til ei løysing basert på behov og kva som er løyvd frå før.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet rår kommunane Hol, Ål, Gol, Nesbyen og Hemsedal til å vera med på å finansiere ei regional stilling øyremerka remarking av berekraftig reisemål med 10% stilling i 2 år. Dette vil utløyse tilsvarande beløp frå sparebankstiftelsen Hallingdal.
2. Regionrådet rår alle kommunar til å gå i dialog med destinasjonsselskapa for å finne svar på følgande:
 - Organisering av remerkings, samt rolleavklaring og ansvarsfordeling mellom partane
 - Kor stor ressurs er det behov for lokalt og korleis dette kan finansierast

Hallingdal, 22. sept 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar